

**SPRÅKSTATUS  
2021**

# **NOREG OG VERDA**



**Språkrådet** •

# Innhald

Nordisk samarbeid og nabospråksforståing	4
Internasjonalt teiknspråksamarbeid	8
Internasjonalt samarbeid om minoritetsspråk	9
Europeisk språkorgansamarbeid	11
Europeisk språkteknologisamarbeid	16
Internasjonalt klarspråksarbeid	18
Internasjonalt stadnamnarbeid	20
Kjelder	22



**Det norske språksamfunnet** eksisterer ikkje i eit vakuum. Språka våre er i slekt med språk i nabolanda, og er ein del av språkmangfaldet i verda. Norsk språkpolitikk blir utvikla i kontakt med språkpolitikken i nabolanda og resten av verda, gjennom språkpolitisk samarbeid og innanfor rammene av internasjonale avtalar. Dette kapittelet dreier seg om denne kontakten mellom Noreg og verda, og det viser korleis norsk språkpolitikk og språkarbeid fungerer i eit vidare perspektiv.

Dei nordiske landa er knytte nært til kvarandre politisk, kulturelt og språkleg. Den nye språklova (Prop. 108 L (2019–2020)) legg opp til å styrkje banda mellom landa ved å slå fast at danskar og svenskar skal kunne kommunisere med styresmaktene i Noreg på morsmålet sitt.

Men Norden har fleire språk enn berre dei nordiske. I Norden finst det mellom anna mange finsk-ugriske språk, inkludert fleire av Noregs minoritetsspråk, som kvensk og dei samiske språka, fleire språk av romsk opphav, som romani og romanes, og ulike teiknspråk. Fleire av desse minoritetsspråka blir tala på tvers av landegrensene i Norden, og ein språkpolitikk som skal verne desse språka, krev derfor ein del samarbeid. I eit større perspektiv er vern og fremjing av nordiske minoritetsspråk ein del av ein global innsats for å sikre og styrkje språkmangfaldet i verda. Noreg har slutta seg til ei rekkje internasjonale avtalar og konvensjonar som skal verne minoritetar og språka deira, og Språkrådet samarbeider tett med dei andre språknemndene i Norden gjennom det ministerrådsfinansierte Nettverket for språknemndene i Norden (NSN).

Noreg er dessutan medlem av fleire internasjonale organisasjonar, grupper og samarbeidsprogram på ulike språkpolitiske fagfelt, som den internasjonale ekspertgruppa UNGEGN, den europeiske organisasjonen EFNIL, klarspråksorganisasjonen PLAIN og europeiske samarbeidsprosjekt som CEF Telecom og ELG. Aktivitetane her er med på å styrkje det heimlege arbeidet på dei same felta.

## Nordisk samarbeid og nabospråksforståing

Nordisk samarbeid om språkspørsmål har lange røter. Nordiske språkmøte vart haldne kvart år frå 1954 til 2016, men har frå då av vore organiserte annakvart år. Språknemndene i dei nordiske landa og tilsvarande institusjonar har heile tida vore sentrale aktørar i samarbeidet. Det har vore politisk semje om at dette samarbeidet er viktig for å halde oppe den nordiske språkfellesskapen. Denne fellesskapen er eit viktig trekk ved dei nordiske landa, og dette er understreka i meldingsdelen av Prop. 108 L (2019–2020) Lov om språk, kapittel 2.1:

Den nordiske språkfellesskapen fremjar tillit og mobilitet og legg eit viktig grunnlag for utdanningsfellesskap og felles arbeidsmarknad. I tillegg vil den nordiske språk- og kulturfellesskapen gjere oss i stand til å løyse mange felles samfunnsutfordringar.

I Nordisk ministerråds handlingsplan for 2021–2024 (Nordisk ministerråd 2020) er det sett opp ein visjon om at Norden fram mot 2030 skal bli den mest berekraftige og integrerte regionen i verda. Ein måte å oppnå dette på er ifølgje planen å føre saman nordiske aktørar for at dei skal lære av kvarandre og få betre forståing for kvarandre på tvers av dei nordiske landa. Språk er ikkje nemnt i handlingsplanen, men god nabospråksforståing kan gje Norden viktige konkurransefordømoner.

Nordisk ministerråd har ansvar for arbeid på utdannings-, kultur- og språkfeltet og står såleis for mykje av samarbeidet på språkfeltet. Fleire tiltak som skal styrkje den nordiske språkforståinga, får årlege løyvingar direkte eller indirekte frå Ministerrådet. Ministerrådet er partner i Nordisk Film og TV Fond, som kan gje støtte til prosjekt som blir distribuerte i minst to nordiske land. I støtteprogrammet Volt blir barn og unge involverte i kultur- og språkprosjekt. Det finst også støtteordningar til nordiske språktiltak ved institusjonar som Nordplus Nordens språk og Nordplus

junior. Andre fond som stør nordiske tiltak på språkområdet, er Letterstedtska föreningen og Clara Lachmanns fond.

Eit sentralt grunnlagsdokument for nordisk språksamarbeid er den nordiske språkdeklarasjonen (Nordisk ministerråd 2006). Deklarasjonen er underskriven av utdanningsministrane og/eller kulturministrane i dei nordiske landa og dei tre sjølvstyrte områda Færøyane, Grønland og Åland. Dokumentet gjev retningslinjer for ein samla nordisk språkpolitikk for framtida. Sentralt i deklarasjonen står styrking av den nordiske språkfellesskapen.

Den nordiske språkkonvensjonen (Språkkonvensjonen 1987) er også eit viktig underlag for nordisk språksamarbeid. Konvensjonen omfattar språka dansk, finsk, islandsk, norsk og svensk, og artikkel 2 i konvensjonen sikrar at nordiske statsborgarar skal kunne bruke morsmålet sitt i kontakt med styresmakter i eit anna nordisk land.

### Språkrådets rolle og aktivitetar

Språkrådet har lenge samarbeidd med dei andre nordiske språknemndene. Samarbeidet har vore organisert på ulike måtar sidan midten av nittenhundretalet, og aktiviteten har gått opp og ned (Agazzi ofl. 2014). I dag skjer storparten av samarbeidet gjennom Nettverket for språknemndene i Norden (NSN). Nettverket består av medlemmer frå språknemndene i dei fem nordiske landa og tilsvarande institusjonar for språka færøysk, grønlandsk og samiske språk. Aktivitetane i nettverket er finansierte via årlege løyvingar frå Nordisk ministerråd. Løyvingane kjem frå ein budsjettpost som er øyremerkd nordisk språksamarbeid, og i denne budsjettperioden deler nettverket midlane frå budsjettposten med mellom anna tiltaka eller prosjekta *Nordkurs*, *Nordiske språkpiloter*, *Nordspråk*, *Nordisk teiknspråknettverk* og *Små språk i Norden*.

Med utgangspunkt i Nettverket for språknemndene i Norden er det danna arbeidsgrupper for ulike fagområde. Ei av gruppene arbeider med klart språk i offentleg sektor. Arbeidsgruppa for språkteknologi



i Norden (Astin) arbeider med språkteknologiske spørsmål som er av felles interesse for dei nordiske språka. Det nordiske teiknspråknettverket var tidlegare nært knytt til hovudnettverket for språknemndene, men har no fått ei meir sjølvstendig stilling, mellom anna med eiga finansiering frå Nordisk ministerråd. Utanom nettverket deltek Språkrådet i styringsgruppa for det nordiske terminologiforumet Nordterm ([www.nordterm.net](http://www.nordterm.net)).

Sidan 1970 har nettverket gjeve ut tidsskriftet *Språk i Norden*, som blir redigert av dei nordiske sekretærene i språknemndene. Artikkane blir skrivne på norsk, dansk og svensk, og innhaldet er konsentrert om eit språktema. Frå og med 2012 er tidsskriftet berre tilgjengeleg elektronisk.

Ein fast aktivitet i nettverket er det nordiske språkmøtet, ein konferanse som går på omgang mellom dei nordiske landa og blir arrangert av språknemnda i arrangørlandet i samarbeid med nettverket. Kvar konferanse har eit språkfagleg tema, og innlegga på konferansen dannar grunnlaget for artikkane i *Språk i Norden* året etter.

Leiarskapet i nettverket følgjer leiarskapet i Nordisk ministerråd. I 2021 har Finland hatt formannskapet i ministerrådssamarbeidet, og det finske Institutet for de inhemska språken har dermed leia NSN. I 2022 tek Noreg over formannskapet i Nordisk ministerråd, og då står det norske Språkrådet for tur til å leie NSN.

## Utviklinga frå 2017

### *Utviklinga av nabospråksforståinga i Norden*

I *Språkstatus 2017* (Språkrådet 2017) vart det slått fast at nabospråksforståinga i Norden var svekt. Stortingsmeldinga *Mål og mening* (St.meld. nr. 35 (2007–2008)) viste til undersøkingar som konkluderte med at nabospråksforståinga i Danmark og Sverige vart svekt mellom 1972 og 2003, men at situasjonen i Noreg var uendra (kapittel 11.2). Mykje kan tyde på at nabospråksforståinga er vorten dårlegare også i Noreg dei seinaste åra. I ei brukar- og befolkningsunder-

søking som vart gjennomført av Opinion på oppdrag frå Språkrådet (Språkrådet 2018), kom det fram at ein av tre nordmenn under 40 år ofte byter til engelsk når dei snakkar med danskar. Langt færre av dei over 40 gjer det same. Kvar tredje respondent meiner at det er vanskeleg å forstå dansk tale, og berre ein tredel meiner at dansk er lett å forstå. Det er vanlegare å leggje om til engelsk enn å mottakartilpasse språket i danskspråkleg retning. Denne tendensen er sterkast blant dei som er under 30 år. Når det gjeld svensk, er situasjonen annleis. Det ser ut til at dei fleste framleis forstår svensk godt. Meir enn 80 prosent av respondentane i undersøkinga meiner at det er lett å forstå svensk tale. Få nordmenn over 30 år legg om til engelsk når dei snakkar med svenskar, men blant dei under 30 er det meir bruk av engelsk.

Ei spørjeundersøking som nyleg er gjort blant meir enn 2000 unge frå heile Norden i alderen 16–25 år (Frøshaug og Stende 2021), viser at forståinga av dei skandinaviske språka varierer kraftig mellom dei nordiske landa. 62 prosent av dei unge i heile Norden synest det er lett å forstå norsk. Om lag like mange synest det er lett å forstå svensk, mens berre 26 prosent synest det er lett å forstå dansk. Til samanlikning meiner 95 prosent at engelsk er lett å forstå. 65 prosent svarar at det iblant er enklare å uttrykkje seg på engelsk enn på morsmålet. Nordmenn og færingar har best språkforståing, men i undersøkinga kjem det fram at også unge nordmenn (36 prosent) brukar ein del engelsk når dei møter nokon som snakkar eit anna skandinavisk språk.

I Finland, på Grønland og på Island er det ganske mange som er usamde i at det er lett å forstå eitt eller fleire skandinaviske språk. Berre 23 prosent av unge i Sverige meiner det er lett å forstå dansk, mens 40 prosent av unge i Danmark meiner det er lett å forstå svensk.

### *Årsaker til svekt nabospråksforståing*

I *Språkstatus 2017* vart framveksten av engelsk som fellesspråk peika på som ei mogleg årsak til den svekte nabospråksforståinga. Det same kjem fram i Frøshaug

«Eit auka samarbeid om utvikling av terminologi og fagspråk på dei nordiske språka vil hindre at engelsk terminologi får feste seg på utsette samfunnsområde.»

og Stende (2021). Ungdom er storforbrukarar av plattformar som YouTube, Netflix og dataspel, og der er engelsk svært synleg. Samstundes har det ikkje vore mogleg å nå målet om at offentleg finansierte TV-kanalar i Norden skal vere automatisk tilgjengelege i Norden.

Fornyinga av læreplanane i skulen er no fullført. Hovudlinja i revisjonen har vore å redusere talet på kompetansemål til fordel for meir fordjuping i kjerneelementa i faga. Under revisjonsprosessen såg det ut til at dette ville gå ut over dei kompetansemåla i norskfaget som gjaldt nabospråksforståing. I dei endelege norskplanane har desse kompetansemåla stort sett overlevd. Det gjev likevel ikkje grunn til å tru at nabospråksundervisninga i den norske skulen utan vidare vil få eit løft.

Ein statusrapport for undervisninga i nordiske nabospråk ved universitet og høgskular i Norden (Hannesdóttir og Mose 2019) viser at talet på morsmålstalende nabospråklærarar har auka noko sidan 2009, etter at dette talet hadde gått kraftig ned mellom 2002 og 2009. Men tendensen er at fast tilsette lektorar i nabospråk ved universitet og høgskular må vike for timelærarar. Rapporten konkluderer med at visjonen om undervisning i nordiske nabospråk ved høgare utdanningsinstitusjonar er langt frå oppfylt, sidan det framleis er altfor få nabospråkskunnige lærarar i skulen. Dette gjeld også for Noreg. Om nabospråksundervisninga i den norske skulen skal kunne bidra til å halde oppe den nordiske språkfellesskapen og opp-

fylle måla i læreplanane, trengst det lærarar med god og rett kompetanse.

#### **Samarbeid på andre felt**

Det er mykje godt språksamarbeid mellom nordiske aktørar. Dei siste to åra har programmet *Nordplus Nordens språk* innvilga fleire søknader om støtte. Samarbeid for å fremje bruken av nordiske språk blant barn og unge blir prioritert i programmet. Medan 15 søknader vart innvilga i 2017, vart det gjeve støtte til 21 søknader både i 2019 og 2020. Totalt har 73 søknader vorte innvilga i perioden 2017–2019. Norske organisasjonar eller institusjonar har delteke i 48 av prosjekta som har fått støtte (Diku Nordplus 2021).

Nettverket for språknemndene i Norden driv ikkje med arbeid som er direkte retta mot barn og unge. Det heng saman med at språknemndene som statlege organ får føringar frå sine respektive departement om kva for arbeidsoppgåver dei skal prioritere, og arbeid som er retta direkte mot barn og unge, er ikkje blant dei prioriterte oppgåvene. Språknemndene arbeider i stor grad med sektorovergripande samordning og overordna tiltak. Direkte tiltak som arrangement og aktivitetar for enkelte språkbrukargrupper kjem dermed i liten grad inn under arbeidsoppgåvene til nemndene. Språknemndene steller likevel med dei språkpolitiske arbeidsfeltene som er nemnde i den nordiske språkdeklarasjonen.

I 2020 vedtok nettverket ein strategi for arbeidet i perioden 2020–2024 (Nettverket for språknemndene

i Norden 2020). Strategien slår fast at nettverket både skal vere eit forum for informasjonsutveksling mellom språknemndene og eit forum for samarbeid om konkrete språkprosjekt som direkte eller indirekte kan stø arbeidet i kvart medlemsland. Nettverket skal også arbeide i tråd med måla i den nordiske språkdeklarasjonen, i tillegg til å bidra til å halde oppe den nordiske språkfelleskapen og den nordiske nabospråksforståinga. I perioden 2020–2024 ønskjer nettverket særleg å styrkje samarbeidet innanfor områda *språkteknologi og leksikografiske ressursar, terminologi og fagspråk, klarspråk, nyord, språkpolitikk og fleirspråklegheit*.

Det nordiske klarspråkssamarbeidet er organisert som eit nettverk av representantar frå språknemndene i Norden. Det nordiske samarbeidet om klarspråk er forankra i den nordiske språkdeklarasjonen, og mykje av klarspråksarbeidet i Noreg er drive fram etter inspirasjon frå nordiske naboar.

I andre nordiske land har klarspråksarbeidet vore i sving i fleire tiår. Spesielt Sverige har lenge stått i ei særstilling når det gjeld klarspråksarbeid. Den svenske språklova frå 2009 inneheld ein paragraf om at styresmaktene skal uttrykkje seg klart og forståeleg.

Sidan 1998 har nettverket samarbeidd om nordiske klarspråkskonferansar for å oppdatere kvarandre og dele erfaringar. Samarbeidet og erfaringane frå heile Norden kjem til nytte når forvaltninga skal lage gode tekstar og tenester for innbyggjarane i Noreg. Erfaringsutvekslinga blir særleg viktig i tida framover, når den nye språklova skal implementerast.

Nettverket av klarspråkskontaktar brukar kvarandre som støttespelarar og sparringpartnarar i ymse saker, til dømes i arbeidet med den komande ISO-standarden for klart språk (ISO-standarden 2021).

#### **Rammevilkår for samarbeid**

Rammevilkåra for språksamarbeidet, og dermed for nettverkssamarbeidet, har endra seg ein del sidan 2017. Ministerrådet har lenge prioritert tiltak retta direkte mot barn og unge når dei har tildelt økonomisk

støtte. Prioriteringa av tiltak for barn og unge er videreført i språkdelen av Ministerrådets nordiske samarbeidsprogram for 2019–2023 (Nordisk ministerråd 2019). Samstundes vart koordinatorfunksjonen Nordisk språkkoordinasjon lagd ned då det nye samarbeidsprogrammet tok til å gjelde i 2019. Etter det har sekretariatet i Ministerrådet teke seg av dei administrative funksjonane språkkoordinasjonen sytte for. Då Nordisk språkkoordinasjon vart lagd ned, forsvann også nettstaden som nettverket bruka til informasjon om aktivitetane sine.

Dei nordiske språkmøta, som fram til 2016 var årlege, blir på grunn av ressursituasjonen no arrangerte berre annakvart år. I mellomåra har nettverket ei fagleg samling som førebuing til språkmøtet året etter. Aktiviteten i arbeidsgruppene til nettverket må drivast med tildelte midlar frå ymse fond etter søknad. Arbeidsgruppa Astin har lege nede nokre år, men vart reetablert i 2019 i samband med at det 65. nordiske språkmøtet, som var planlagt i Oslo i 2020, skulle ha språkteknologi som tema.

#### **Moglegheiter og utfordringar**

Det er ikkje mangel på politisk vilje til å verne og styrkje den nordiske språkfelleskapen, slik det har vore uttrykt i ulike måldokument fram til no. Like fullt blir nabospråksforståinga i Norden meir og meir svekt, også i Noreg. Den omfattande bruken av engelsk legg press på språka i Norden på fleire samfunnsområde og er ei av årsakene til at kjennskapen til nabospråka blir dårlegare.

Det trengst meir nordisk språksamarbeid for å stå imot presset frå engelsk. Til dømes vil eit betre samarbeid om språkteknologiske løysingar bidra til å styrkje dei samfunnsberande språka i Norden mot presset frå engelsk. Eit betre samarbeid vil dessutan kunne gjere dei nordiske språka meir synlege på flater og i kanalar som er mykje i bruk blant dei unge. Eit auka samarbeid om utvikling av terminologi og fagspråk på dei nordiske språka vil hindre at engelsk terminologi får feste seg på utsette samfunnsområde. Både språkteknologi og terminologi/fagspråk er høgt prioriterte tema for

«Det kan skape eit press for å gjere nabospråksundervisninga i skulen betre, særleg i Noreg. Slik kan den nye språklova i Noreg bli eit steg på vegen mot ei styrking av den nordiske språkfelleskapen.»

Nettverket for språknemndene i Norden no og i dei komande åra. Arbeidsgruppa Astin har fått ei viktig rolle i gjennomføringa av det 65. nordiske språkmøtet, som skal haldast digitalt i august 2021, og som er vigd til språkteknologi. Nettverket vil også samarbeide meir med Nordterm for å styrkje arbeidet med terminologi og fagspråk.

Den nye språklova (Prop. 108 L (2019-2020)) har ein paragraf om skandinaviske språk, som seier at alle har rett til å bruke svensk eller dansk i skriftleg og munnleg kontakt med offentlege organ i Noreg. Dei offentlege organa skal kunne svare på norsk. Med dette vil intensjonen i artikkel 2 i den nordiske språkkonvensjonen materialisere seg i norsk lov. Om lovparagrafen skal fungere meir effektivt enn artikkelen i språkkonvensjonen har gjort, må offentleg tilsette i Noreg kunne forstå dansk og svensk godt. Dessutan må dei som vender seg til eit offentleg organ i Noreg på dansk eller svensk, kunne forstå det norske svaret dei får. Det kan skape eit press for å gjere nabospråksundervisninga i skulen betre, særleg i Noreg. Slik kan den nye språklova i Noreg bli eit steg på vegen mot ei styrking av den nordiske språkfelleskapen.

## Internasjonalt teiknspråksamarbeid

Deklarasjon om nordisk språkpolitikk (Nordisk ministerråd 2006) stadfestar at «[d]et er viktig at også tegnspråkene får en sterk stilling» (s. 64).

Eit nordisk teiknspråknettverk (NTN) tek hand om det nordiske teiknspråklege samarbeidet mellom språknemndene. Medlemmene i nettverket møtest to gonger i året og utvekslar informasjon. Dei siste åra har hovudtemaet vore den tilgangen barn og unge har til teiknspråk. Brukarorganisasjonane til dei teiknspråklege i Norden møtest to gonger i året i Døves Nordiske Råd (DNR) og Døves Nordiske Ungdomsråd (DNUR).

Døves Nordiske råd (DNR), Døves Nordiske Ungdomsråd (DNUR) og det nordiske teiknspråknettverket (NTN) samarbeider om teiknspråkprosjektet *Nordisk TegnTube*, der målet er å skape merksemd om dei nordiske teiknspråka som blir snakka av unge frå 12 til 20 år. Prosjektleiaren arbeidde til juni 2020 i Dansk Sprognævn. Prosjektet *Nordisk TegnTube* blir finansiert av Nordplus og Nordisk ministerråd. Nordiske ungdommar bruka tidlegare nordiske teikn, men det ser ut til at desse teikna dei seinare åra er vortne fortregnde av amerikansk teiknspråk (ASL) og International Sign.



Det blir henta inn kunnskap om tilgangen til teiknspråk i Norden. Prosjektet *Kunnskapsoppsummering om nordiske barn og unges tilganger til tegnspråk* er forankra ved Institutt for internasjonale studium og tolkeutdanning på Oslomet – storbyuniversitetet. Prosjektet er finansiert av både det nordiske nettverket for teiknspråk, Språkrådet og Oslomet. Oslomet har stilt ressurspersonar til rådvelde.

Verdshelseorganisasjonen (WHO) har i 2021 gjeve ut ein verdsrapport om høyrsel (World Health Organization 2021). Rapporten anerkjenner og fremjar teiknspråka i verda. World Federation of the Deaf, WFD viser til at tilgang til teiknspråk frå fødselen er ein grunnleggjande menneskerett, og at teiknspråka må bli fullt ut anerkjende og integrerte i alle delar av livet og livsfasane. Ifølgje WFD må alle døve barn og familiane deira få tilgang til teiknspråk.

St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening* stadfestar at «[i] tillegg til å gje norsk teiknspråk høgare status i Noreg er det også behov for å arbeida internasjonalt for å gje teiknspråk generelt ei sterkare folkerettsleg stilling» (s. 237). Teiknspråka manglar ei folkerettsleg europeisk anerkjenning og står ikkje oppførte i den europeiske minoritetsspråkpakta.

## Internasjonalt samarbeid om minoritetsspråk

### Nordisk samarbeid

Minoritetsorganisasjonar og ulike institusjonar i dei nordiske landa samarbeider mykje om dei enkelte minoritetsspråka. På institusjonsnivå kan samarbeidet over landegrensene gjerne systematiserast og strukturert endå meir. Det nordiske samarbeidet er verdifullt, og det har hatt positive ringverknader både for språkbrukarane og for minoritetsspråka. Samarbeidet mellom Övertorneo kommune, Uleåborgs universitet og Kvensk institutt, «samarbeidsplattform for minoritetsspråk på Nordkalotten 2020–2021», er organisert som eit Interreg Nord-prosjekt. Hovudmålet med det

prosjektet er å løfte og styrkje meänkieli og kvensk. Kvääninuoret – Kvenungdommen har hatt samarbeid med Met Nuoret og skipa til ein felles språkleir.


Utfordringa med mange finansieringsmodellar på nordisk nivå er at dei krev samarbeid mellom minst tre nordiske land. Dersom eit prosjekt har som føremål å etablere språksamarbeid mellom Noreg (for kvensk, romanes eller romani) og Sverige (for meänkieli og dei tilsvarande variantane av romanes og romani i Sverige), er eit samarbeid mellom desse to landa naturleg. Eit slikt prosjekt vil dermed ikkje kvalifisere til økonomisk støtte under ordningar som krev samarbeid mellom minst tre nordiske land. Skal ein involvere fleire land i aktuelle samarbeidsprosjekt, må temaet for prosjektet vere litt meir generelt.

Embetsmannskomiteen for utdanning og forskning (EK-U) i Nordisk ministerråd starta i 2018 ei særleg satsing på kultur- og utdanningsområdet for å revitalisere og styrkje små språk i Norden. Føremålet med initiativet er å auke medvitnet om, interessa for og kunnskapen om korleis utdanning og kultur kan bidra til å revitalisere og styrkje små språk i Norden. Satsinga skal bidra til å styrkje dei nasjonale minoritetsspråka og dei nordiske små språka, utvikle det tverrsektorielle, nordiske samarbeidet og styrkje den nasjonale oppfølginga av målsetjingar i den nordiske språkdeklarasjonen. Denne satsinga skal mellom anna gjere mønsterpraksis kjend, formidle kunnskap mellom relevante nasjonale styresmakter og institusjonar og føre til tilrådingar til kommunar, regionar, skular og kulturaktørar.

### Norske minoritetsspråk og internasjonale avtalar

Minoritetsspråka i Noreg er i første rekkje dekte av *Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk (minoritetsspråkpakta)* (Europarådet 1992). Dette er ei pakt som skal sikre at styresmaktene i deltakarlanda vernar og fremjar minoritetsspråka. «Regions- og minoritetsspråk» er i pakta definerte som språk som tradisjonelt har vorte bruka av eit minoritetsfolk i ein stat, og som skil seg frå det offisielle språket i staten. Denne definisjonen gjer at pakta ikkje

«Artikkel 30 i *FNs konvensjon om barnerettane (barnekonvensjonen)* slår fast at barn som høyrer til ein språkleg minoritet og/eller ei urfolksgruppe, ikkje skal kunne nektast å bruke sitt eige språk.»



dekkjer dialektar av det offisielle språket, eller nyare minoritetsspråk. Pakta vart vedteken i 1992, Noreg ratifiserte henne i 1993, og ho tok til å gjelde frå 1. mars 1998. Med jamne mellomrom rapporterer Noreg til Europarådet om gjennomføringa av pliktene i minoritetsspråkpakta. Førre rapport vart send i 2020 (KMD 2020b).

Pakta er delt i fleire delar. Del I gjev generelle definisjonar, medan del II og del III gjev spesifikasjonar om kva slags rettar dei dekte minoritetsspråka har når det gjeld vern og fremjing. Somme språk er dekte av del II, men ikkje del III, andre av både. Del II sikrar generelle rettar til vern og fremjing for dei dekte språka, i skriftleg og munnleg bruk i privat og offentleg verksemd, i utdanningssektoren og på andre felt, men utan å nemne spesifikke tiltak. Del III inneheld ei omfattande liste med paragrafar som spesifiserer slike tiltak på felt som utdanning, rettsvesen, offentleg administrasjon, medium osv. Om eit språk er dekt av del III av pakta, bind partane seg til å oppfylle minst 35 av desse paragrafane. Eit språk som berre er dekt av del II, har derfor ingen slike spesifikke tiltak sikra gjennom pakta, sjølv om pakta framleis sikrar ein omfattande grad av meir generelt vern og fremjing av språket på fleire felt

i samfunnslivet (Europarådet 1992, del I (Artikkel 2 & Artikkel 3), del II & del III).

I Noreg er det seks minoritetsspråk som er dekte av pakta: nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk, kvensk, romani og romanés (KMD 2020a). Av desse språka er det per i dag berre nordsamisk som er dekt av del III, men Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) og enkelte andre departement har sidan 2018 arbeidd med ei utgreiing om lulesamisk, sørsamisk og kvensk skal oppgraderast til å bli omfatta av del III. Utgreiinga blir gjennomført i samråd med Sametinget og andre institusjonar og organisasjonar som dette spørsmålet vedkjem (KMD 2020b).

Dei offisielle minoritetsspråka i Noreg (urfolksspråka og dei nasjonale minoritetsspråka) er òg sikra vern gjennom ei rekkje andre internasjonale avtalar. Her følgjer ei kort oversikt over dei viktigaste:

Artikkel 28 i *ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar* (ILO 1989) sikrar retten urfolk og stammefolk har til å få undervisning på sitt eige språk. Artikkelen sikrar òg vern og fremjing generelt av språket. Denne ILO-konvensjonen vart

ratifisert av Noreg i 1990, og gjeld her i landet for samane.

Artikkel 13 i *FN-erklæringa om rettane til urfolk* (FN 2007) tryggjer retten urfolk har til å gjenopplive, bruke og utvikle sine eigne språk, og gjev statane påbod om å arbeide for at desse rettane blir oppfylte. Artikkel 14 sikrar rettane til undervisning på språket til urfolket, og artikkel 16 sikrar urfolk tilgang til å opprette medium på sitt eige språk. Erklæringa vart vedteken i 2007, og gjeld i Noreg for samane som Noregs urfolk.

*Den europeiske rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar (rammekonvensjonen)* (Europarådet 1995) sikrar rettane nasjonale minoritetar har til mellom anna å fritt kunne bruke sitt eige språk (artikkel 10), få offentleg informasjon på dette språket (artikkel 10), kunne bruke personnamn og stadnamn på språket (artikkel 11) og få undervisning i det (artikkel 14). Noreg ratifiserte rammekonvensjonen i 1999, og her i landet gjeld konvensjonen for alle dei fem nasjonale minoritetane i Noreg: kvenene/norskfinnane, taterane/romanifolket, romane, jødane og skogfinnane. Derfor gjev rammekonvensjonen òg språkleg støtte til jødane og skogfinnane, sjølv om jiddisk, hebraisk og skogfinsk ikkje er offisielle minoritetsspråk i Noreg og ikkje er dekte av minoritetsspråkpakta.

Artikkel 30 i *FNs konvensjon om barnerettane (barnekonvensjonen)* (FN 1989) slår fast at barn som høyrer til ein språkleg minoritet og/eller ei urfolksgruppe, ikkje skal kunne nektast å bruke sitt eige språk. Også fleire andre artiklar i barnekonvensjonen sikrar rettane barn har til eige språk. Konvensjonen vart vedteken av FN i 1989.

## Europeisk språkorgansamarbeid

Språkrådet deltek i European Federation of National Institutions of Language (EFNIL), eit europeisk samarbeidsforum for institusjonar som har eit formelt ansvar for dei offisielle nasjonalspråka i dei europeiske landa. Gjennom EFNIL har Språkrådet eit europeisk

kontaktnett for å utveksle informasjon om språkbruk og språkpolitikk i Europa. Språkrådets direktør er medlem av styret i EFNIL.

EFNIL arrangerer ein årleg konferanse. I 2020 og 2021 vart konferansen gjennomført digitalt. Tema for konferansen i 2021 var «Language in the Corona Crisis».

EFNIL koordinerer to europeiske prosjekt: *European Language Monitor (ELM)* og *European Languages and their Intelligibility in the Public Space (ELIPS)*. I begge desse prosjekta blir EFNILs medlemsinstitusjonar bruka til å koordinere datainnsamlinga frå sine respektive land.

ELM gjev ei oversikt over lovverk som regulerer språk og språkplanlegging i dei ulike europeiske landa. ELM gjev eit bilete av kva regulering som finst av språk i skulen, i høgare utdanning, i medium, næringsliv og IKT. ELM viser òg kva språk som har status som offisielt språk og minoritetsspråk i dei ulike landa. Datainnsamlinga til ELM starta med eit pilotprosjekt i 2004 og er sidan den gongen oppskalert og gjennomført tre gonger, i 2012, 2014 og 2019. Det er planlagt ei ny datainnsamling i 2021. Språkrådet har ein medlem i arbeidsgruppa til ELM.

ELIPS kartlegg korleis dei europeiske språka blir bruka i kommunikasjon frå offentlege styresmakter i dei ulike landa. Dataa som blir samla inn, viser korleis landa gjer bruk av klart språk og klart lovspråk i kommunikasjonen med innbyggjarane. ELIPS er førebels gjennomført ein gong, i 2017.

EFNIL deltek også i konsortiet for prosjektet *European Language Equality (2021–2022)*. Prosjektet har som mål å utvikle ein strategisk forskings-, innovasjons- og implementeringsplan for å nå målet om digital språkleg likestilling for europeiske språk innan 2030.

ELM-utgåve →	ELM 1 2004	ELM 2 2012	ELM 3 2014	ELM 4 2019
Innsamlingsperiode →	2003-2004	2008-2009	2012-2013	2017-2018
Tilgong på resultatane →	Ikkje tilgjengelege	Artiklar	På nett	På nett + artiklar
DELTAKAR- LAND		Austerrike	Austerrike	Austerrike
		Belgia (FL/FR)	Belgia	Belgia (FL)
			Bulgaria	Bulgaria
		Danmark	Danmark	Danmark
		Estland	Estland	Estland
		Finland	Finland	Finland
	Frankrike		Frankrike	
		Hellas	Hellas	Hellas
		Irland	Irland	
		Island	Island	Island
	Italia	Italia	Italia	
		Kypros	Kypros	
		Latvia	Latvia	Latvia
		Litauen	Litauen	Litauen
		Luxembourg		Luxembourg
			Malta	
	Nederland	Nederland	Nederland	Nederland
		Norge	Norge	Norge
		Polen	Polen	
			Portugal	Portugal
			Romania	Romania
		Slovakia	Slovakia	Slovakia
		Slovenia	Slovenia	Slovenia
	Storbritannia	Storbritannia	Storbritannia	
Sverige	Sverige	Sverige	Sverige	
	Tsjekkia	Tsjekkia	Tsjekkia	
Tyskland	Tyskland	Tyskland	Tyskland	
	Ungarn	Ungarn	Ungarn	
<b>Totalt</b>	<b>5</b>	<b>23</b>	<b>27</b>	<b>21</b>



### Europeisk språkmonitor



European Language Monitor – eller europeisk språkmonitor på norsk – er eit EFNIL-prosjekt som etter kvart har samla inn ei monnaleg mengd data som eignar seg godt når ein skal samanlikne regulering av europeiske språk i ulike samfunnssektorar. Tabellen på førre side viser kva land som har svara på spørsmåla i den europeiske språkmonitoren (EFNIL).



Den siste versjonen av den europeiske språkmonitoren ((European Language Monitor 2019) inneheld dei

sist oppdaterte opplysningane. Figurane nedanfor viser nokre hovudfunn.

I 12 av landa som har rapportert inn til undersøkinga (55 prosent), slår grunnlova fast kva som er det offisielle språket eller dei offisielle språka, sjå den øvste figuren på denne sida.

14 land (63,6 prosent) har ein lov som regulerer kva språk som skal brukast i offentleg sektor, medan 6 (27 prosent) ikkje har det, sjå den nedste figuren på denne sida.





Figurane over viser i kva grad det finst reguleringar i skulen og høgare utdanning som gjev dei offisielle språka i dei ulike landa status som undervisningsspråk. På barnesteget (1.-7. steget) er det 18 land (82 prosent) som svarar at det offisielle språket eller dei offisielle språka i landet har lovfesta status som undervisningsspråk.

På universitetsnivå rapporterer 14 land (64 prosent) at det offisielle språket eller dei offisielle språka i landa har lovfesta status som undervisningsspråk.

Tabellen på neste side viser kva prosentdel av emne i høgare utdanning som blir undervist på engelsk i dei ulike europeiske landa. Noreg har ikkje tilgjengelege tal for dette og har derfor ikkje svara på spørsmålet,

	4.4.1.	4.4.2.	4.4.3.	4.4.4.
Land	Totalprosent	Humaniora	Samfunnsfag	Realfag
Austerrike	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar
Belgia	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar
Bulgaria	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %
Danmark	Mellom 26-50 %	Mellom 0-25 %	Mellom 26-50 %	Meir enn 75 %
Estland	Mellom 26-50 %	Mellom 26-50 %	Mellom 26-50 %	Mellom 26-50 %
Finland	Mellom 26-50 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 51-75 %
Hellas	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %
Island	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %
Latvia	Mellom 26-50 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 26-50 %
Litauen	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %
Luxembourg	Ikkje noko svar	Mellom 26-50 %	Meir enn 75 %	Meir enn 75 %
Nederland	Mellom 51-75 %	Mellom 51-75 %	Mellom 51-75 %	Mellom 51-75 %
Norge	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar
Portugal	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %
Romania	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar
Slovakia	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar	Ikkje noko svar
Slovenia	Mellom 26-50 %	Mellom 26-50 %	Mellom 0-25 %	Mellom 26-50 %
Storbritannia	Meir enn 75 %	Meir enn 75 %	Meir enn 75 %	Meir enn 75 %
Sverige	Mellom 51-75 %	Mellom 0-25 %	Mellom 26-50 %	Mellom 0-25 %
Tsjekkia	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %
Tyskland	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 26-50 %
Ungarn	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 0-25 %	Mellom 26-50 %

men det er kjent at fordelinga mellom norsk og engelsk innanfor humaniora, samfunnsfag og realfag i høgare utdanning i Noreg har same tendens som i tabellen. Meir informasjon om tilhøvet mellom norsk og engelsk i høgare utdanning finst i kapittelet «Høgare utdanning».

## Europeisk språkteknologisamarbeid

«I dagens globaliserte samfunn samhandlar vi i større grad enn før på tvers av landegrensar, kulturar og språk. Språkteknologi kan bidra til å lette kommunikasjon og samhandling over språk- og landegrensar gjennom maskinomsetjing. Norsk språk må vere rusta til å delta i slik global digital kommunikasjon. Språkteknologi legg til rette for å byggje ned språklege barrierar for samhandling, samtidig som han sikrar framleis fri og utstrekt bruk av det enkelte språket.» (Prop. 108 L (2019–2020):42–43).

### CEF Digital, ELRC og eTranslation

Noreg er med i EU-programmet CEF Digital, eit samarbeid om europeisk, digital infrastruktur. Ein føresetnad for kommunikasjon over landegrensene er automatisk omsetjing og tilpassing av fagtermar til internasjonale standardar. Den automatiske omsetjinga heiter eTranslation, og programvara er laga som ein byggjekloss: Målet er at modulen skal kunne integrerast i ulike grensekryssande digitale tenester, og at offentleg tilsette skal kunne bruke modulen i vanleg saksbehandling som skal byggjast inn i andre delar av den digitale infrastrukturen der det er nødvendig. Til dømes kan eTranslation byggjast inn i ein forbrukarportal, slik at forbrukaren kan skrive klage på eit produkt på norsk og få det automatisk omsett til språket i det landet som klagen blir send til. eTranslation skal i prinsippet omsetje til og frå alle dei europeiske nasjonalspråka. Det er Kommunal- og moderniseringsdepartementet som er ansvarleg for oppfølginga av norsk deltaking i CEF Digital.

Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket og Språkrådet representerer Noreg i ELRC, som samlar inn ressursar til eTranslation, og har arbeidd for å auke medvitet om kor viktige språkressursar – inkludert omsetjingsminne og fagspråk (terminologi) – er for den automatiske omsetjinga. Det er aukande interesse for å ta i bruk eTranslation og for å sende inn omsetjingar som kan brukast som grunnlagsdata for automatisk omsetjing. Språkbanken har samla inn svært mange ressursar på

nettopp dette feltet. Meir informasjon finst i kapitlet «Språklege byggjeklossar».

Førebels er bokmål lagt inn i eTranslation, slik at ein kan få ei automatisk omsetjing mellom bokmål og andre språk. Per 9. mars 2021 ligg ikkje nynorsk inne som språkval. Det er planlagt, men ikkje gjennomført, å la omsetjingar til og frå nynorsk gå via bokmål. Per i dag finst det ikkje mange nok omsette tekstar mellom engelsk og nynorsk, og derfor er det ikkje grunnlag for direkte omsetjing mellom desse språka.

Skal kvaliteten på omsetjinga bli god, må datamaterialet vere stort nok. Jamvel om språkbanken har samla inn mykje, kan ikkje Noreg basere seg på tidlegare omsetjingar av alle EU-dokument, slik dei europeiske medlemslanda kan. Derfor har den norske omsetjinga lågare kvalitet enn til dømes svensk. Skal omsetjinga til norsk bli like bra som omsetjing til dei andre europeiske språka, trengst det fleire omsette tekstar og fleire omsette fagtermar. Dette gjeld både bokmål og nynorsk, men særleg nynorsk.

### Norsk språkteknologi samanlikna med teknologi på andre språk: Meta-net-rapporten

Meta-net-rapportane (for norsk: De Smedt ofl. 2012) var resultat av eit europeisk initiativ for å kartlegge situasjonen for språkteknologi i europeiske land. Kvart land fekk sin rapport. Kartlegginga gjorde det mogleg å samanlikne situasjonen for norsk språkteknologi og norske språkressursar med situasjonen til andre språk, og til å vurdere kor mykje ressursar som fanst for kvart språk til å lage fungerande språkteknologi. Norsk hamna konsekvent i den nedste eller nest nedste kategorien i samanlikninga. Grunnleggjande teknologi mangla, og grunnleggjande ressursar var for knappe. Det same gjaldt svært mange av dei andre europeiske språka i kartlegginga.

Etter Meta-net-rapportane frå 2012 er det ikkje gjort systematiske internasjonale samanlikningar mellom norsk språkteknologi og teknologi på andre språk. Også andre land treng eit slikt samanlikningsgrunnlag.



«Skal omsetjinga til norsk bli like bra som omsetjing til dei andre europeiske språka, trengst det fleire omsette tekstar og fleire omsette fagtermar. Dette gjeld både bokmål og nynorsk, men særleg nynorsk.»

Derfor deltek Noreg i ei ny, tilsvarande europeisk undersøking, ELE (European Language Equality). Målet er å kartlegge kor godt utvikla språkteknologien er for dei enkelte europeiske språka. Språkrådet koordinerer den norske delen av undersøkinga. Språkrådet er òg med på å lage eit forslag til ein felles europeisk strategi for å nå målet om at språkteknologi og kunstig intelligens skal fungere like bra på alle nasjonalspråka i Europa innan 2030. Etter planen skal undersøkinga vere ferdig i 2022.

### Norsk i internasjonal språkteknologi

«Å gjere ressursane i språkbanken kjende både nasjonalt og internasjonalt vil vere avgjerande for at dei blir bruka.» (Prop. 108 L (2019–2020):45)

Noreg deltek i to europeiske prosjekt som samlar inn og legg ut ressursar til språkteknologi. ELG (European Language Grid) er nært knytt til ELE og skal vere ei plattform for deling, sal og kjøp av ressursar og verk-

tøy. Plattformen er open for både kommersielle og ikkje-kommersielle utviklarar og forskarar. Fleire av ressursane som ligg i den norske språkbanken, kan utviklarar også finne på ELG. I tillegg er det nokre kommersielle datasett til sals. ELRC har plattformen ELRC-Share, ein slags europeisk språkbank med mange av dei same ressursane som finst på ELG. Her ligg mellom anna dei norske omsetjingane som er bruka i eTranslation. Slik blir norske språkressursar lettare tilgjengelege for internasjonale selskap som utviklar språkteknologi.

Noreg deltek òg i andre internasjonale nettverk for datadeling og språkteknologi:

- Nordisk nettverk for språkbankar
- Astin (Arbeidsgruppa for språkteknologi i Norden)
- CLARIN og CLARINO

## Internasjonalt klarspråksarbeid

Noreg har ikkje drive med klarspråksarbeid like lenge som enkelte andre land. Derfor er det svært nyttig for oss å delta i det internasjonale klarspråksarbeidet og bidra med erfaringar og lære om utviklinga av fagfeltet. Klarspråksarbeidet i Noreg dreg vekslar på all den oppsamla kunnskapen på dette feltet, og på forskning som er gjord andre stader, særleg i USA. Argument om demokrati, deltaking, medråderett og inkludering ser i dag ut til å vege tyngre i klarspråksarbeidet enn argument om økonomi og effektivisering.

### Strukturen for internasjonalt klarspråksarbeid

#### **PLAIN**

Plain Language Association International (PLAIN) er ein frivillig klarspråksorganisasjon med medlemmer i over 30 land med 20 ulike språk. Organisasjonen gjev ut nyheitsbrevet *Plain matters* og tidsskriftet *The PLAIN eJournal* og arrangerer internasjonale klarspråkskonferansar annakvart år. I 2018 fekk organisasjonen for første gong ein norsk president.

#### **Clarity**

Clarity er ein klarspråksorganisasjon for klart juridisk språk og «legal design». Claritys fanesak er at folk skal ha rett til å forstå juridiske tekstar som vedkjem dei, til dømes låneavtalar og arbeidskontraktar. Clarity gjev ut eit eige tidsskrift, *Clarity Journal*, og arrangerer internasjonale konferansar annakvart år (alternerer med PLAIN).

#### **International Plain Language Federation (IPLF)**

IPLF vart stifta i 2007 og er ein overbygning for tre medlemsorganisasjonar: PLAIN, Clarity og Center for Plain Language, ein frivillig organisasjon i USA som hjelper offentlege og private verksemder til å skrive klart. IPLF arbeider for å fremje større saker og interesser som medlemsorganisasjonane har felles. Til dømes har IPLF utarbeidd ein internasjonal definisjon for klart språk, og organisasjonen arbeider med opplærings- og sertifiseringsordningar på klarspråksfeltet. I 2021 er den viktigaste oppgåva å samarbeide med Interna-

tional Standards' Organization (ISO) for å utvikle ein internasjonal standard for klarspråk.

### Ein internasjonal standard for klarspråk

I 2021 kjem ein internasjonal standard for klarspråk, ISO/WD 24495-1 Plain Language (ISO-standarden 2021), i engelsk utgåve. Her i landet blir dette arbeidet følgt opp av Standard Norge. ISO-standarden kan bli eit viktig verktøy i klarspråksarbeidet og inneheld generelle prinsipp og retningslinjer som skal gjelde uavhengig av språk. Det er frivillig å bruke standarden. Føremålet med standarden er å hjelpe skribentar i både offentlege og private verksemder til å skrive klart og utforme tekstar og tenester som innbyggjarar og kundar skal kunne bruke utan problem. Kort oppsummert slår standarden fast at klarspråk er kommunikasjon som set mottakaren i sentrum, og som fungerer etter føremålet. Det inneber at dokument i klarspråk tek omsyn til kva mottakaren ønskjer og treng å vite, om mottakaren er interessert og kan noko om emnet frå før, kva lesekompetanse mottakaren har, og kva kontekst mottakaren skal bruke teksten i. I praksis vil det seie at innhaldet skal vere relevant, og at mottakaren lett skal kunne finne, forstå og bruke informasjonen.

### Språk i lover og forskrifter

Klarspråksprinsippa er på veg inn i jussen. Det gjeld for domstolane og språket i avgjerdene deira, det gjeld for lover og andre regeltekstar, og no gjeld det òg for jussutdanningane. Dei norske jussutdanningane er i endring; klarspråk og regelskriving spelar ei større rolle i dag enn for berre nokre år sidan. Denne utviklinga ser ein i fleire land, men ikkje alle har kome like langt. Det som er ferdig diskutert og avgjort i éin del av verda, har kanskje berre akkurat kome i gang andre stader. Og når diskusjonane etter kvart blir ferdige, tek det likevel lang tid før endringar blir synlege i rettslivet og i samfunnet. Den generelle trenden er i alle tilfelle at stadig fleire forstår at klart lovspråk trengst. Mange er samde i at folk skal kunne lese og forstå regelverk som gjeld dei sjøve. Meir informasjon om klarspråk i jussutdanningane finst i kapitlet «Høgare utdanning».

«EU-parlamentet har i fleire år arbeidd med klarspråksprogrammet *Citizens' language* under generaldirektoratet for omsetjing i parlamentet. Hovudmålet med programmet er å gjere EU-parlamentet og EU-regelverket meir tilgjengelege for innbyggjarane.»

### Klarspråksarbeid i EU

På EU-nivå blir det gjort ein del organisert klarspråksarbeid, særleg arbeid for betre og klarare språk i lover og forskrifter.

EU-parlamentet har i fleire år arbeidd med klarspråksprogrammet *Citizens' language* under generaldirektoratet for omsetjing i parlamentet. Hovudmålet med programmet er å gjere EU-parlamentet og EU-regelverket meir tilgjengelege for innbyggjarane. I 2020 vart prinsippprogrammet *Citizens' Language Policy* vedteke. Alle skribentar ved parlamentet skal følgje programmet. Målet er lettfattelege, klare og begriplege EU-rettsakter og annan kommunikasjon på dei 24 språka parlamentet har ansvar for.

EU-kommisjonenens *Clear Writing Campaign* frå 2010 har som mål å hjelpe alle i kommisjonen med å skrive kortare, enklare, sjargongfrie tekstar. Arbeidet blir drive av ei gruppe redaktørar, som får hjelp av kollegaer i heile kommisjonen. Grappa tilbyr skribentane i kommisjonen praktiske råd og nettressursar, til dømes heftet *Skriv klart* (dansk tittel) (EU-kommisjonen 2016) på 24 offisielle EU-språk, skrivetips ein gong i veka, e-poststøtte, kurs, seminar og andre arrangement. Det blir årleg delt ut ein pris, *Clear Writing Award*,

til skribentar som har skrive særleg klare tekstar. I oktober 2021 skipar EU-kommisjonen til konferansen *Clear writing for Europe 2021* saman med andre EU-institusjonar.

Den viktigaste konferansen i europeisk-juridisk kontekst er *European Symposia on the Comprehensibility of Legal Provisions*. Konferansen blir arrangert annakvart år av det tyske justisdepartementet i Berlin ved lovredaksjonen, som granskar språket i lovframlegg. I 2021 var konferansen eit samarbeid med Europarådet og EU-kommisjonen. Konferanseprogrammet gjev god oversikt over lovspråksarbeidet i Europa (Bundesministerium 2021).

Digitaliseringsarbeidet fører med seg store endringar på lovspråksfeltet. I tillegg til arbeid med digitaliseringsvenleg lovspråk er digital inkludering viktig. Berlinerklæringa om verdibasert digital forvaltning (Rådet for den europeiske unionen 2020) vart underskriven av EUs medlemsstatar i desember 2020 og skal sikre at den digitale transformasjonen fremjar inkludering og deltaking. Deklarasjonen understrekar at digital forvaltning må vere inkluderande, og det vil mellom anna seie at språket i digitale tenester må vere klart.

## Internasjonalt stadnamnarbeid

Mange land i verda arbeider med forvaltning av stadnamn. FN-ekspertgruppa UNGEEN (United Nations Group of Experts on Geographical Names) har ansvaret for mykje av det internasjonale arbeidet på dette feltet. UNGEEN arbeider for at alle medlemslanda skal ha nasjonal råderett over stadnamna sine, og for at alle land i verda skal bruke nasjonalt standardiserte namneformer i internasjonale samanhengar. Til og med 2017 vart det arrangert UNGEEN-konferansar kvart femte år. På desse konferansane tok deltakarane opp kva for mål det internasjonale arbeidet med stadnamn skulle ha, og dei vedtok resolusjonar. Mellom konferansane, som oftast annakvart år, har det vore arrangert sesjonar i regi av UNGEEN. Frå og med 2019 vart konferansane erstatta med sesjonar (møte) annakvart år. Desse sesjonane skal ha dei same formelle fullmaktene som konferansane hadde. Frå 2019 har sesjonane vara i fem dagar. Den siste sesjonen vart halden som digitalt møte i mai 2021.

### Noreg i UNGEEN

I Noreg er det Språkrådet, Kartverket og Sametinget som til vanleg har representert Noreg i det internasjonale stadnamnarbeidet. Deltaking på internasjonale konferansar, sesjonar og møte blir finansiert over budsjetta til verksemdene sjølve.

UNGEEN er delt inn i 24 divisjonar på geografisk og språkleg grunnlag (UNGEEN Divisions). Noreg høyrer til den nordiske divisjonen (UNGEEN Norden Division) saman med dei andre nordiske landa. Til vanleg har dei nordiske landa dette leiarvervet på omgang i 4-5 år om gongen. Kulturdepartementet bad Språkrådet om å ta over leiarvervet i Norden Division i 2017. Leiinga i divisjonen kallar inn til divisjonsmøte og koordinerer arbeidet med å skrive divisjonsrapportar. UNGEEN har også ni arbeidsgrupper på tvers av divisjonane, og gruppene arbeider mellom sesjonane. Tre av dei – Working Group on Publicity and Funding, Working Group on Training Courses in Toponymy og Working Group on Geographical

Names as Cultural Heritage – er leia av nordiske representantar. Dei nordiske landa, og særleg Noreg, har vore ein pådrivar i heile UNGEEN, mykje fordi Noreg har hatt eit godt utvikla system for stadnamnarbeid.

Før kvar sesjon leverer alle nasjonar, divisjonar og arbeidsgrupper rapportar om arbeidet som er gjort sidan førre møte i UNGEEN. I tillegg blir utsendingar (delegatar) oppmoda om å levere inn utfyllande rapportar om enkeltsaker. Viktige punkt for Noreg har dei siste åra vore

- endringane i stadnamnlova
- adressering
- sentralt stadnamnregister
- stadnamnsamlingane og digitalisering av dei
- normering og bruk av namn i fleispråklege område

Når det gjeld arbeid i 2021, vil Noreg særleg trekkje fram det nye e-læringskurset om stadnamnarbeid og stadnamnlova frå Språkrådet i ein egen rapport. Dette kurset bør ha stor overføringsverdi til stadnamnarbeidet i andre land. Meir informasjon om e-læringskurset finst i kapittelet «Språklege byggjeklossar». Eit gjennomgåande tema på UNGEEN-møta er at implementeringa av standardiserte former ofte er dårleg, trass i at det finst detaljerte normeringsreglar og/eller lover om normering i mange land. Det nye e-læringskurset forklarar føremålet med stadnamnlova og rettar seg til ei særskild målgruppe, nemleg offentleg tilsette som har forvaltning av stadnamn som arbeidsfelt.

# § 8

## **Skandinaviske språk**

Alle har rett til å bruke svensk eller dansk i kontakt med offentlege organ. Offentlege organ kan svare på norsk.

## KJELDER

**Agazzi, B., C. Grünbaum, R. Hauge og M. Reuter (red.) (2014):** *Guldtavlorna i gräset. Nordiskt språk-samarbete. Historik och framåtblick.* <https://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/spraka-i-norden/guldtavlorna-historikk.pdf> (mai 2021).

**Bundesministerium (2021):** *5. Europäisches Symposium zur Verständlichkeit von Rechtsvorschriften.* Det tyske justisdepartementet mfl. <https://bmjv5europeansymposium.de/> (mai 2021).

**Clarity.** <http://www.clarity-international.org/> (mai 2021).

**De Smedt, K., G.I. Lyse, A.M. Gjesdal og G.S. Losnegaard (2012):** *Norsk i den digitale tidsalderen* <http://www.meta-net.eu/whitepapers/volumes/norwegian-nynorsk> (mars 2021).

**Diku Nordplus (2021):** E-post 12.3. 2021.

**EFNIL.** <http://www.efnil.org/projects> (mai 2021).

**EU-kommisjonen (2016):** *Skriv klart.* file:///C:/Users/DagfinnR/Downloads/HCO215257DAN.da%20(1).pdf (mai 2021).

**Europarådet (1992):** *Europeisk pakt om regions- eller minoritetsspråk (minoritetsspråkpakten).* <https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/1992-11-05-1?q=minoritets-spr%C3%A5k> (mai 2021).

**Europarådet (1995):** *Rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter (rammekonvensjonen).* <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtpalte/euoparadets-rammekonvensjon/euoparadets-rammekonvensjon/id2362518/> (mai 2021).

**European Language Monitor (2019).** <https://juniper.nytud.hu/elm4/browse> (mai 2021).

**FN (1989):** *FNs konvensjon om barnets rettigheter (barnekonvensjonen).* [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns\\_barnekonvensjon.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf) (mai 2021).

**FN (2007):** *FNs erklæring om urfolks rettigheter (urfolkserklæringen).* <https://www.regjeringen.no/contentassets/2f5020ef4d66492fa54148d46981d23a/fns-erklaring-om-urfolks-rettigheter.docx.pdf> (mai 2021).

**Frøshaug, A.S. og T. Stende (2021):** *Analyse nr. 01/2021: Har Norden et språkfelleskap?* Nordisk ministerråd. <https://www.norden.org/no/publication/har-norden-et-sprakfelleskap> (mars 2021).

**Hannesdóttir, A.H. og G. Mose (2019):** *Undervisning i Nordens språk vid högre lärosäten i Norden – status 2019.* Presentasjon ved seminar arrangert av Samarbeidsnemnda for Norden-undervisning i utlandet, Reykjavik 2019.

**ILO (1989):** *ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i selvstendige stater.* [https://www.regjeringen.no/contentassets/a5e5f2b1e4984468b04b10a60d26678b/ilo\\_norsk\\_020617.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/a5e5f2b1e4984468b04b10a60d26678b/ilo_norsk_020617.pdf) (mai 2021).

**International Plain Language Federation.** <https://www.iplfederation.org/> (mai 2021).

**ISO-standarden (2021):** ISO/WD 24495-1 Plain language. <https://www.iso.org/standard/78907.html> (mai 2021).

**KMD (2020a):** *Minoritetsspråkpakten.* Kommunal- og moderniseringsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtpalte/minoritetssprakpakta/id86936/> (mai 2021).

**KMD (2020b):** *Den europeiske pakt om regions- eller minoritetsspråk – åttende periodiske rapport.* Norge. Kommunal- og moderniseringsdepartementet. [https://www.regjeringen.no/contentassets/2c8f69f165e047809d-46708684f71b2a/norges-8ende-rapport\\_norsk.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/2c8f69f165e047809d-46708684f71b2a/norges-8ende-rapport_norsk.pdf) (mai 2021).

**Konferansen Clear writing for Europe 2021.** [https://ec.europa.eu/info/events/CWC2021\\_en](https://ec.europa.eu/info/events/CWC2021_en) (mai 2021).

**Nettverket for språknemndene i Norden (2020):** *Strategi for NSN 2020–2024.* <https://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/spraka-i-norden/strategi-for-nettverket-for-spraknemndene-i-norden-2020-2024.pdf> (mai 2021).

**Nordisk ministerråd (2006):** *Deklarasjon om nordisk språkpolitikk.* Nordisk ministerråd. <http://norden.diva-portal.org/smash/get/diva2:700895/FULLTEXT01.pdf> (mai 2021).



**Nordisk ministerråd (2019):** Nordisk samarbejdsprogram for uddannelse og forskning 2019–2023. Nordisk ministerråd. <http://norden.diva-portal.org/smash/get/diva2:1365361/FULLTEXT02.pdf> (mai 2021).

**Nordisk ministerråd (2020):** Norden som världens mest hållbara och integrerade region. Handlingsplan 2021–2024. Nordisk ministerråd. <https://www.norden.org/no/node/48481> (mars 2021).

**Nordisk TegnTube:** <https://www.tegntube.com/no/> (mai 2021).

**Nordterm.** <http://www.nordterm.net/> (mai 2021).

**Plain Language Association International (PLAIN).** <https://plainlanguagenetwork.org/> (mai 2021).

**Prop. 108 L (2019–2020)** = Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak). Lov om språk (språkløva). Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/> (mars 2021).

**Rådet for Den europeiske unionen (2020):** Berlin Declaration on Digital Society and Value-Based Digital Government. [https://ec.europa.eu/isa2/sites/default/files/cdr\\_20201207\\_eu2020\\_berlin\\_declaration\\_on\\_digital\\_society\\_and\\_value-based\\_digital\\_government\\_.pdf](https://ec.europa.eu/isa2/sites/default/files/cdr_20201207_eu2020_berlin_declaration_on_digital_society_and_value-based_digital_government_.pdf) (mai 2021).

**Språkkonvensjonen (1987):** Konvensjon mellom Norge, Danmark, Finland, Island og Sverige om nordiske statsborgeres rett til å bruke sitt eget språk i et annet nordisk land. Regjeringane i Noreg, Danmark, Finland, Island og Sverige. <https://www.norden.org/no/treaties-and-agreements/sprakkonvensjonen> (mars 2021).

**Språkrådet (2017):** Språkstatus 2017. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakstatus/sprakstatus-2017.pdf> (mars 2021).

**Språkrådet (2018):** Bruker- og befolkningsundersøkelse 2018. [https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/20181016\\_sprakradet\\_brukerundersokelse-2018\\_rapport.pdf](https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/20181016_sprakradet_brukerundersokelse-2018_rapport.pdf) (mars 2021).

**St.meld. nr. 35 (2007–2008):** Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk. Kultur- og kyrkjedepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/> (mars 2021).

**UNGEFN Divisions.**

<https://unstats.un.org/unsd/ungefn/divisions/> (mars 2021).

**UNGEFN Norden Division.**

<https://nordendivision.nfi.ku.dk/> (mars 2021).

**World Federation of the Deaf.** [http://wfdeaf.org/world-hearing-day-2021/?fbclid=IwAR3WcjGP-D61RO8CxEl3ykL-17gm-xUz4bO5A\\_A406tX-CUF80cNt0-1Fd9RQ](http://wfdeaf.org/world-hearing-day-2021/?fbclid=IwAR3WcjGP-D61RO8CxEl3ykL-17gm-xUz4bO5A_A406tX-CUF80cNt0-1Fd9RQ) (mai 2021).

**World Health Organization (2021):** World report on Hearing. [https://cdn.who.int/media/docs/default-source/documents/health-topics/deafness-and-hearing-loss/world-report-on-hearing/wrh-executive-summary.en.pdf?sfvrsn=feb8d533\\_27&download=true&fbclid=IwAR-3leYmv94wYxdtxp9OfoNEh6QPoKViHTOip-h5kC5WrONz\\_3uJXKdIZk02M](https://cdn.who.int/media/docs/default-source/documents/health-topics/deafness-and-hearing-loss/world-report-on-hearing/wrh-executive-summary.en.pdf?sfvrsn=feb8d533_27&download=true&fbclid=IwAR-3leYmv94wYxdtxp9OfoNEh6QPoKViHTOip-h5kC5WrONz_3uJXKdIZk02M) (mai 2021).

«Hovudmålet for den nye språklova er å tryggje og ta vare på språka i Noreg.»



«I den nye språklova får alle dei tradisjonelle språka i Noreg eit vern og ein lovfesta status dei har sakna frå før, og det fleirspråklege norske samfunnet blir endeleg anerkjent av lovverket.»

